

Giftar seg i kyrkja 080808

08.08.2008



Dei giftar seg i kyrkja 08.08.2008. (Foto: Kvinnheringen)

Jane Tislevoll frå Stord og Ørjan Haugland frå Uskedalen har valt ein spesiell dag å gifta seg på, nemleg 08.08.2008. Dei seier ja i kyrkja i Uskedalen melder Kvinnheringen.

I tillegg fyller Ørjan 25 år i dag. Dermed skulle dei ha gode moglegheiter til å hugsa bryllupsdagen. Festen for rundt 80 gjester er lagt til Helgheim.

- Kvifor gifta seg på ein fredag, spør avisa.
- Det er no denne datoen då. Og så er det jo Ørjan sin 25-årsdag, svarar Jane.